

Organiseringa viktig sak for UU

24.02.2009



Ei av dei viktige sakene som har vore oppe i Dialogforumet det siste året er Børnes Industriområde. Her orienterer Jarle Fossheim frå kommunen om området medan Kristian Bringedal er med og held fotografiet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Onsdag kveld kl. 19.30 skal Uskedalen Utvikling halda årsmøtet sitt i Gamleskulen og organiseringa av arbeidet framover blir ei viktig sak.

Dialogforumet har hatt eit godt og positivt år og teke opp mange viktige saker, men no er det ynskjeleg at prosjektleiar Kristian Bringedal får konsentrera seg om eit bestemt prosjekt: Uskedalen som besøksmål for Folgefonna Nasjonalpark

Målet for dette arbeidet er å skapa interesse for natur- og kulturfaglege verdiar, synleggjera aktivitetar og attraksjonar og formidla kunnskap og opplevelingar til fastbuande og tilreisande.

Konkrete arbeidsoppgåver i denne samanhengen er organisering av guidda turar, opplevingspakkar, marknadsføring og utvikling av organisasjonen.

Dialogforumet, som ein annan enn Bringedal må leia framover, skal framleis ha faste møte der ein melder inn saker og drøfter saksgangen fram til ei løysing.

I målsettinga som Bringedal har utarbeidd heiter det at Dialogforumet skal vidareutviklast for å fremja positive haldningar, samarbeid og amhandling for god bygdeutvikling i Uskedalen.

Dialogforumet skal ha eit godt samarbeid med politisk og aadministrativt nivå i kommunen for å få løyst saker på ein føremålstenleg måte. Det skal også søkjast kontakt med verksemder, organisasjonar, bygdelag og ressurspersonar for tilføring av kunnskap og kompetanse.

Stikkord for aktuelle saker er bustad, næring, oppvekst, trafikksikring og sentrumstiltak.

Av Ola Matti Mathisen